

# indremisjons venn

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

05 - 2018



Layout: Jan-Ove Fagerheim  
 Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S  
 Red.: Marit H. Ådnanes  
 Indremisjonssamskipnaden  
 Postboks 150, 5401 STORD  
 Tlf.: 53 41 07 04  
 Bankgiro: 8220.02.80454  
 Opningstider Indremisjonskontoret:  
 Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00  
 Fredag: Stengt  
 Heimeside: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
 E-post: [post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no)  
[www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden](https://www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden)

#### IMS-styret:

Ole Bernar Innvær, formann  
 Liv Ingunn H. Medhaug, nestformann  
 John Morten Espevik  
 Brit Gjerde Voster  
 Bjørn Saghaug  
 Olaug Fagerheim  
 Bernt Arild Gjøvåg

Vara:  
 Marte Kvilhaugsvik  
 Oddvar Torget  
 Åse Farestveit

#### Helgatun

5713 VOSSESTRAND  
 Telefon: 56 51 98 98  
 Telefax: 56 51 98 99  
 Bankgiro: 8220.02.80497  
 Konst. dagleg leiar: Sylvi R. Sørfonn  
 Heimeside: [www.helgatun.no](http://www.helgatun.no)

#### Brandøy

5584 BJOA  
 Telefon: 53 76 98 81  
 Bankgiro: 8220.02.80470  
 Dagleg leiar: Andreas C. Våge  
 Heimeside: [www.brandoy.no](http://www.brandoy.no)

#### Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND  
 Telefon: 56 55 05 00  
 Telefax: 56 55 13 92  
 Bankgiro: 8220.02.80292  
 Konst. rektor: Jostein Moldsvor  
 Heimeside: [www.framnes.vgs.no](http://www.framnes.vgs.no)

#### SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord  
 Telefon: 53 41 20 01  
[www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no)

#### Framside-foto:

Vår nye ungdomsarbeidar, Eirik Stensland (t.v.), vert presentert under Pit stop av møteleiarane Hanna Steinsland og Erlend Nordtun.

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

## Eit språk alle forstår

Leiar av  
 Marit H. Ådnanes  
 Dagleg leiar



I **fleire samanhengar** i det siste har eg blitt minna om kor viktig godhet og diakoni er. Det rører ved oss, og er eit språk alle forstår. Fleire av oss som var på ImF sin leiarkonferanse i november, fekk eit sterkt møte med Carl-Erik Sahlberg. Sahlberg er 73 år, har tidlegare vore prest i S:ta Clara, ei kyrkje i Stockholm, men bur no i Tanzania og driv 24 barneheimar med kona Overa. På den første gudstenesta i S:ta Clara 3. januar 1989, bøyer han kne ved alteret i sidekapellet og kviskrar til seg sjøv: «I Jesu namn», vender seg så mot forsamlinga og ser at det kun er tre gudstenestedeltakarar der.

**Dette var starten.** Gjennom oppsøkjande diakoni vart kyrkja etterkvart fullt opp. Det starta med at Sahlberg og diakonissa i kyrkja gjekk ut på gata. Dei fekk kontakt med narkomane, prostituerte, innvandrarar, psykisk skjøre menneske, nyfattige – ja, folk i det heile. Dei opna kyrkja dagtid. Folk kunne koma inn, berre sitja der, ha samtale osb. Folk på gata vart deira nye venner. Sahlberg og diakonissa var tydelege på at dei ville hjelpe og vera tilstades, men også at folk på gata skulle få høyrá evangeliet. Mange menneske opplevde eit mirakel i eigne havarerte liv. Dei tok imot Jesus, vart tilslutta S:ta Clara, og mange av dei kom også inn i teneste.

**I Bergens Indremisjon** sine historiebøker kan me lesa om fire «søstre» som i 1880 hadde 1841 husbesøk og 2190 sjukebesøk. Også i dag vassar me i nød. Men korleis ser nøden ut i dag? Det er nok fleire svar på det. Norges Røde kors seier at einsemid er den største folkesjukdommen i Noreg. Kva gjer me i dag for å sjøka vår tids nød, utfordra Runar Landro på leiarkonferansen. Der det er kjærleik, opnar Gud dører. Jesus hadde inderleg medkjensle med menneske rundt seg (Matt 9, 36), og Tabita (Apg. 9, 36) bobla over av hjelpetiltak.

**Mange har kjærleik** til folk i bygda dei bur i. Eg reiste svært inspirert heim frå ressursgruppentreff (møte med hovudleiarar) denne veka. I ei bygd i fjar vart det bakt 120 julebrød som vart delt ut til folk i bygda. Mange deltok i bakinga, så møttest dei på bedehuset, pakka brøda fint inn i cellofan, og hadde sine køyreruter for å få brøda ut. Responsen var god, og det var ingen som takka nei.

**Det har blitt alvorleg** for meg kva eg bruker tida på. Under ovannevnte sesjon vart det stilt spørsmål om me er for travle. Korleis prioriterer me tida vår? Ja, for det er faktisk det det er snakk om. Ofte lekk energi til alle kantar, både i privat liv og i forsamlinga. Kor er ut-fokuset vårt?

**Korleis kan me sjokkera** folk i Stavanger by med godhet?» spurte IMI-kyrkja seg. Dette kjenneretikna dei første kristne. IMI sette først av ei vike. Etterkvart er det blitt ein kultur som meir og meir også pregar forsamlinga. Godhet er godt for dei som tar imot, men det er aller best for oss sjølv, seier Hanne Terese Loftesnes. Det handlar om å bygga ryggrad. Menneske lengtar ikkje nødvendigvis etter våre sanningar, dei lengtar etter å bli elskar. Som kristne har me kilda til evig kjærleik. Gud er god! Me skal få elskar vidare, slik me også er blitt elskar. Viss ikkje me gjer det, kven gjer det då?

**Sjølv om** Sahlberg avslutta med sterke historiar om folk som hadde hadde fått eit forvandla liv, delte han også noko som gjorde han veldig trist. Kvart år var det mange grupper som var innom kyrkja for å læra og bli inspirert. Det vart dei nok også, men ikkje nok til at liv vart forandra. Nesten alle reiste heim etterpå, og fortsatte livet sitt nett som før...


## Økonomien

Ynskjer du å gi ei gåva til Indremisjons-samskipnaden, kan du senda den til konto 8220.02.80454. Då går gåva direkte til IMS.

Dersom du ynskjer skattefrådrag på gåva må den sendast til konto 8220.02.80632 og merkast med ditt personnummer og "Gåve til IMS".

For ei kort stund sidan fekk alle abonnentar av IndremisjonsVenen tilsendt julegåvegiro, stor takk til deg som nyttar den. Gåver vi mottar i løpet av året er det som gjer at IMS kan halda oppen den store og viktige oppgåva vi er sett til.

GÅVEBAROMETER:  
 lagsgåver, gåveaksjonar  
 og gjevarteneste pr. 31. oktober



Ynskjer du å bli Fast gjevar?  
 Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller du finn skjema på [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

# Hummelsk Såkorn



## Andakt av Ingvild Løklingholm, forsamlingsleiar i ImF Stord

Da Jesus gikk omkring på jorden ser vi at hans ord fikk ting til å skje. Han proklamerte ut ordet overalt hvor han gikk, og det gav mirakuløse resultater.

Vi har også fått gudsord som ett våpen i vårt bønneliv, Gud ønsker at vi skal bruke ordet hans når vi ber. I matt 6,10 lærer Jesus disiplene å be: **La ditt rike komme. La din vilje skje på jorden, slik som i himmelen.** Han sa med andre ord at vi skulle proklamere Guds vilje å skje på jorden. Da er det viktig at vi kjenner Guds ord, og at vi vet hva Guds vilje for oss er i de ulike situasjonene vi møter, både i vårt eget liv og i andres liv.

Vi er kalt til å tale ut velsignelse og Guds ord som gir liv. Når våre ord samsvarer med Guds ord, blir de til skapende såkorn som vokser og bærer frukt. Jesaja 55,9-11 **For som himmelen er høyere enn jorden, slik er Mine veier høyere enn deres veier, og Mine tanker høyere enn deres tanker. For som regnet kommer ned og snøen kommer fra himmelen og ikke vender tilbake dit, men vanner jorden og får den til å spire å skyte knopp, så den gir såkorn til såmannen, og brød til den som spiser. Slik skal Mitt ord være, det som går ut fra**

**Min munn. Det vender ikke tom tilbake til Meg, men utfører det jeg har velbehag i, og det skal lykkes i det jeg sendte det til.**

Når såmannen planter sitt såkorn i jorda har han full tillit til at det vil vokse opp, selv om han ikke ser noe til å begynne med.

Gud ønsker at vi også skal ha den samme tillit til Han. Når vi har sådd ut Guds ord vil det skape og bære frukt.

Bruk Guds skapende ord frimodig i ditt bønneliv, og du vil se Guds vilje skje både i ditt og andres liv.

Indremisjonsskipnaden inviterer til  
**Forsamlingskonferanse**  
Norheimsund Bedehus  
Laurdag 9. mars kl. 1100 - 1700


Marit Hårklaug Ådnanes, Johannes Olsen,  
Knut Kvamme og lokale bidragsytarar

Pris kr. 300,-

Påmelding innan tysdag 6. mars til  
[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)



**ims**



## BØNE SPALTA

### BE FOR:

- alle leiarane på haustleirane våre
- IMS-styret, Brandøystyret, Helgatunstyret, Framnesstyret og styret i SunnBok
- alle i lag og foreiningar i IMS som deler Guds Ord med barn, unge og vaksne

### BE OM:

- Guds velsigning og kraft over alle som arbeider med Julemessene
- ein leirhaust – og vinter med Jesus i sentrum
- at ungdomane og dei vaksne som var på Nattcup på Husnes må bli fylt av Guds nåde, glede og fred

### TAKK FOR:

- alle som fekk eit møte med Gud på Pit Stop
- at Guds Ord er levande og verksamt (Hebr 4: 12)
- Haustumtehelga og Kraft-konferansen

# Sommarens Storsamling

21.-23. juni

**ims**  
Indremisjonsskipnaden

**Stord Idrettspark,  
Vikahaugane**

# Go'fredag...

...med KRAFT for kvardagen!

**Det var ingen tvil** i år heller! Mange gode krefter måtte ha vore i aksjon over timar, for å lage møtesalen i Leirvik bedehus om til eit fantastisk, haustleg kunstverk! Og nokon kvar av oss 150 påmeldte må ha kjent på at det er ingen klisjé at det vakre gjer noko godt med oss. Eit herleg utgangspunkt for lovsong!

«Praise»- gruppa som kjem frå Skjold og bur i Vats-eller var det omvendt? -slo an tonen med lovsongen «Jeg vil gi deg o Herre min lovsang». Tanken på våre medkristne rundt i verda, som lovsing i skjul, skapte personleg ei ekstra takksemd til Gud. Og frå fyrste stund vart det og skapt takksemd til «bandet», som i trygt samarbeid med dyktige songarar, formidla bodskapen på ein flott måte!

Konferansier, Svein Bjarne Aase, fornekta seg ikkje. Han var rett mann på rett plass for å skape ein god fredag, og introduserte gjesten denne kvelden, Astrid Dalehaug Norheim, på ein glitrande måte. Vi vart kjend

med naturelskaren og den lett distrè journalisten som kunne gje oss fasinerande historier som bl.a enda like inne i FN-bygningen! I etikken sitt namn -i IMS held vi teieplikta- så dei som ikkje var til stades får vere uvitande om kva som skjedde!

**«KRAFT I KVARDAGEN»** var tema for kvelden. Kanskje kom det ikkje ei «Quick fix-oppskrift», men det kjendest nyttig og godt for tanken og sjela å bli minna om å roe ned, ta vare på både oss sjølv og dei nære rundt oss, og ikkje minst ta Jesu ord om å legge byrdene frå oss hos Han, på ramme alvor! Han vil gje oss KVILE- eit nøkkelord for ny KRAFT! Takk til **Astrid for det ho delte, og for den varmen ho spreidde!**

**Ingen Go`fredag utan Go`mat.** Biff stroganoff m/potetmos og salat stod på menyen, og var i ein fei kome på bordet. Eit 20-tals frivilligbaka-kaker venta som dessert! Kan det bli anna enn ein Go`fredag av slike?

**«Leirmimring»-sketsjane** må vel til slutt nemnast som prikken over i-en. Dei raraste utgåver av Jan-Ove Fagerheim, John-Inge Rolfsnes og konferansieren sjølv, fekk lattermusklane på gli! Blomkål på flaske og psykologterapi i skjønn foreining, utan øving og med store naturtalent i sving, kan verkeleg gje NRK og TV2 grunn til å misunne IMS alle underhaldningsressursane!

Trivsel er eit viktig mål for Go`fredag! Den kan ofte målast i matlyst og god drøs. Etter nøyne observasjon kan det bekrefastast at trivselen må ha vore på topp!

Vi som fekk glede av å berre nyta kvelden, vil takka ALLE fantastiske frivillige hardt arbeidande eldsjeler, som år etter år står på for å gje oss bl.a. denne Go`fredagen. Vi er alt i gong med å gle oss til neste!

Marit Lindeklev



## Kva sit du igjen med etter KRAFT, og var teneste- og leiarkonferansen relevant for deg?



Ole André Stokken, Fitjar

Eg sit igjen med at me skal gå ut og fortelja om Ordet. Eg lært korleis ein skal vera barneleiar og korleis ein kan løysa situasjonar. Eg var på medvandringsseminar. Her vart det anbefalt å samlast for eksempel med venner for å lese Bibelen i lag, noko eg fekk lyst å gjere.

Konferansen var relevant for meg fordi eg lært veldig mykje. På barneleiar-nettverket lærte me korleis ein skal gjere ting og oppføre seg mot barn. Dei sa og at før ein skal kunne ta seg av barn må ein fungere sjølv, eller ta vare på seg sjølv.



Sveinung Nesheim, Halsnøy

KRAFT var inspirerande. Her var mange flotte folk samla på ein plass. Det er alltid fint å treffe andre forsamlingar og høyre korleis stoda er i bygd og by. Flott å høyre korleis andre sitt arbeid er og kva muligheter og utfordringar ein møter. Ekstra kjekt var det å høyre om andre som opplever vekst

gjennom arbeidet sitt! Eg likte at Furnes vel å prioritere KRAFT, og dermed representerer toppliinga i organisasjonen. Eg går i Halsnøy Indremisjon og fortalte om vårt NaMu-arbeid, og kva det har hatt å bety for vår forsamling.

# KRAFT



Fellesskap og god prat var også ein viktig del av KRAFT

**29. september var dagen komen som fleire av oss hadde sett fram til og jobba for; teneste- og leiarkonferanse på Leirvik bedehus. Den hadde fått namnet KRAFT. Det var gledeleg at hovudsalen vart fylt opp av engasjerte personar i arbeidet lokalt.**

Dagen var delt inn i fellessesjonar, valfrie seminar, nettverk og speed learning. Sjølv om fleire syntes dagen var vel intens, har tilbakemeldingane vore gode og oppløftande.

«Dette har eg venta på i 25 år», var ein kommentar. Det var også kjekt at så mange opplevde dagen nyttig og relevant.

Me har hatt evaluering i IMS-administrasjonen og styret, og det er beslutta at me går for ein slik konferanse også neste år i samband med haustmøtehelga. Også evalueringane fra deltakarane viser at dei fleste meiner at IMS treng sin eigen konferanse. Det kan vera eit minus at konferansen ligg tett på ImF sin

leiarkonferanse som er andre helga i november. Men det kan også vera «vinn-vinn»; at denne eine dagen blir ein smakebit på ImF-konferansen, der ein vil få endå meir.

Undervisninga frå fellessesjonane med John Torjus Eriksen, Trond Pundsnes og Erik Furnes finn du som podcast på nettsida vår: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
Det er vel verdt å få med seg.



**Oddrun Småbrekke,  
Tørvikbygd**

Det var veldig lærerikt og inspirerande. Eg er ny i styret i indremisjonen lokalt, så dette var ei ny oppleving. Å treffen arbeidarar og bli meir kjent med organisasjonen var nyttig. Det var mange gode og aktuelle tema. Frå speed learning var NaMu-prosessen på Halsnøy

spesielt kjekk å høre om. Idear til endring ein får i forhold til det lokale arbeidet, er lettare å få til dersom det minimum er frå styret som reiser og blir inspirert.

Det var også kjekt at det var tilgong på varer frå ein kristen bokhandel. Guds ord var det sentrale og Gud vart prisa gjennom god lovsong. Gud gir oss kraft og styrke.



**Sofie Ingvaldsen, Fitjar**

Det var veldig kjekt å vere med på KRAFT-konferansen. Flott å samlast for å bli styrka i tenesta. Eg vart inspirert av fleire gode seminar, blant anna «Tenande liv». Her vart me minna om at me alle er ein del av Kristi kropp og at alle er utrusta med sine eigne kvalitetar. Me må ikkje samanlikne oss med andre, men heie på kvarandre og ha fokus på at me alle er vidunderlege skaperverk.

# Eplekakefest på Hiskjo

Ideen fann eg på Marita Bjørke Ådland si Facebook-side. Ho og familien bur i Oslo og har i mange år invitert til Eplekakefest heime i hagen ein søndag i september. I haust då eg las dette, slo tanken meg: Kanskje me skulle prøva på Hiskjo og?

Marita har hatt innsamling til Himal Partner. Det som først slo ned i meg, var innsamling til Brandøy. Ideen min fekk gehør og eg gjekk i gang. Hovudmålet mitt er samlingar der barn og unge kan komma saman på bedehuset.

Me har fleire flinke songarar på Hiskjo. To av dei, Eirin og Vanessa Shao med pappen på piano, framførte to songar. Ei venninne, Magnhild Westermoen, var med. Kjempeflott!



Eg hadde andakt om Saulus (Paulus) som møtte Jesus og korleis han blei eit viktig reiskap i forkynninga av evangeliet om Jesus.

Eplekaker blei servert i forskjellige utgåver med is og krem attåt. Kollekt hadde me sjølvsagt, 2.450,- kroner kom inn. Gratisutlodding syns eg er kjekt, så det måtte me ha.

Me på Hiskjo er så heldige å ha flinke musikkarar, det er ein fryd å synga når dei speler.

Med litt arbeid, nokre eplekaker, andakt, song og kollekt så blir det EPLEKAKEFEST!

Kanskje ein ide for fleire bedehus?

Nina Aase Larsen



## Aktiv kvinneforeining på Langevåg

**Kvar haust har kvinneforeininga på Langevåg, eller sora Bømlo som dei sjølv seier, basarhelg med møter.**

Leiar i foreininga, Solfrid Lønning, fortel at foreininga starta etter vekkinga i 1953. Sjølv har Solfrid vore med sidan tidleg på 70-talet. Me samlast annankvar veke i heimane til foreiningskveld. Me har det godt saman, så dette er noko me gler oss til. Kvelden startar med litt mat, så andakt, preik og handarbeid. Me har også bøsse me gir på kvar gong. Det har variert kor mange me har vore i foreininga. No er me åtte damer, seier Solfrid.

Me er veldig fornøgd med basarhelga. Tidlegare år har me hatt lenger møteveke rundt basarhelga. No starta me torsdag kveld med møte. Då var Marit Hårklaus Ådnanes med oss og Bømlo musikklag. Fredag var det familiemøte med åresal. Det kjem mange bygdefolk hit ein slik dag. Johannes Olsen var med oss både fredagen og laurdagen.

Etter familiemøtet fredag hadde Johannes også invitert interesserte til tema omkring «korleis kan bedehuset bety ein forskjell for bygda?» Laurdag var det basar etterfulgt av andakt. Me har då kun lodd på bøker - seks bøker totalt – der ei av dei er barnebok.

På dei to dagane fekk me inn vel kr 54.000,-. Det er me fantastisk fornøgde med. Me er nok alltid litt letta når basarhelga er over, men me har ikkje noko stressopplegg. Det er dette me ser fram til, seier Solfrid.



Bømlo Indremisjons kvinneforeining klar for basar. F.v. Hildegunn Lønning, Hilda Vold (bak), Erna Lønning, Solfrid Lønning, Reidun Hamre, Sigrid Larsen (bak), Berit Eidesvik og Ellen Lodden.

# Nådegåver og livsglede

**Fredag og laurdag første helga i oktober arrangerte Halsnøy Indremisjon seminardagar om nådegåver og livsglede. Det var Kjetil Sigereth, leiar i Naturleg menighetsutvikling (NaMu), og kona Liv-Kari Sigereth som gjennomførte kurset.**

Leiar i Halsnøy Indremisjon, Kjartan Mehammer, fortel at bakgrunnen for seminardagane er at dei gjennom NaMu-prosessen dei er i, har jobba med kvalitetsteiknet «Nådegåvebasert teneste». Det var dette kvalitetsteiknet me skora lågast på etter å ha tatt menighetsprofilen i fjor haust, seier Kjartan. Me sette då opp mål og tiltak for å nå måla. Eit av tiltaka var at medlemmer som ville, skulle gjennomføra nådegåvestest. Mange gjorde dette i haust. Fleire har gjerne spørsmål til dette med nådegåver, og me treng alle undervisning om dette viktige temaet. Det var difor naturleg for oss å gjennomføra seminardagane.

Ekteparet Sigereth tok dei 23 deltakarane gjennom undervisning om nådegåvene. Om ein får tena i samsvar med sine nådegåver gir det stor livsglede. Det var satt av god tid til samtale. Den siste dagen fekk kvar deltakar ein halv time til å fortelja om seg sjølv og dela sine nådegåver.

Tilbakemeldinga på seminardagane var at dette føltes nytig, og gav betre forståing for dei nådegåvane den enkelte har, seier Kjartan. Gruppearbeidet vart særleg framheva som nytig og oppbyggande. Her kom ein litt tettare innpå kvarandre, og fekk høve til å reflektera over dei moglegheitene som forsamlingsarbeidet gir til den enkelte.



Seminardagar på Halsnøy. F.v. Ernst Ove Eide, Ingunn Koløy, Liv-Kari Sigereth og Rita Isdal Cunningham

## Misjonsfolket kan glede seg

Arbeidet med utvikling av leiligheter i nærheten til Helgatun i Myrkdalen er inne i en spennende fase. Reguleringsplan med muligheter for å bygge 76 leiligheter er sendt inn for endelig godkjenning til Voss kommune og avgjørelsen forventes tidlig på nyåret. Med en godkjent reguleringsplan har prosjektet tatt et stort skritt nærmere realisering og misjonsfolket kan begynne å glede seg til å få mulighet til å kjøpe en fritidseiendom i en av Vestlandets flotteste fjelldestinasjoner. Myrkdalen har mye å by på gjennom hele året og Helgatunlia, som området kalles, har meget god beliggenhet.

Indremisjonsskipnaden har opprettet et interimstyre for prosjektet og styret har hatt regelmessig møtevirksomhet. Interimstyret består av representanter fra ulike deler av IMS sitt arbeid og ledes av en av initiativtakerne til

prosjektet, Nils Tveite. Interimstyret har også fått på plass en avtale med Odd Inge Austevoll om å gå inn som prosjektleder for Helgatunlia. Flere av misjonsfolket kjenner gjerne Odd Inge best som inspektør på Framnes kristne videregående skole og prosjektleder for Framnes Arena. Odd Inge er en person som interimstyret har stor tillit til skal lede prosjektet på en god måte.

Det skal bli spennende å se på hvilken måte Helgatunlia og Helgatun sammen kan utvikle visjonen om en misjonsstasjon i Myrkdalen.

Dersom noen av misjonsfolket er interessert i å bli holdt orientert om utviklingen i Helgatunlia kan de sende inn en email til [post@helgatunlia.no](mailto:post@helgatunlia.no).



Interimstyret for Helgatunlia: f.v. Marianne Heggholmen Aarbø, Per Ivar Kjærgård, Nils Tveite (leder), John Morten Espenvik, Andreas C. Våge og prosjektleder Odd Inge Austevoll.

# Barne- og ungdomssidene



Lise Marie

barne- og fam.arbeidar

## Leirar framover

### Brandøy:

#### Tweensweekend

5.-7. klasse  
8.-10. mars  
Kr. 750,-

#### Juniorhelg\*

4-9 år m/fylgle  
22.-24. mars  
Kr. 600,-/1100,-

\*samarbeid med søndagsskulen

#### Påskefestival

8. klasse ++  
12.-16. april  
Kr. 1300,-

#### Sommarminileir

2.-4. klasse  
25.-27. juni  
Kr. 750,-

#### Sommarleir

5.-7. klasse  
27.-30. juni  
Kr. 950,-

#### Familieleir

ALLE  
3.-7. juli  
3-7 år Kr. 930,-  
8-12 år Kr. 1060,-  
3-16 år Kr. 1220,-  
Voksen Kr. 1730,-  
MAX Kr. 6000,-

### Helgatun:

#### Skileir

8. klasse ++  
1.-3. februar  
Kr. 840,-  
(heiskort og reis kjem i tillegg)

#### Superhelg

0-9 år m/fylgle  
23.-26. mai  
Kr. 600,-/1100,-

#### Minileir

2.-4. klasse  
25.-27. juni  
Kr. 730,-

#### Tweensweekend

5.-7. klasse  
25.-27. juni  
Kr. 730,-

Meir info finn du på nettsida vår under fana "leir". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
post@indremisjonen.no  
tlf 53 41 07 04



Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

**PIT STOP**

**2018**

**LEIRVIK**

**11.-14. OKTOBER**

For mange ungdommar er Pit stop høgdepunktet i løpet av året. Her får dei vere mange saman, bra trøkk på lovsangen, og eit sterkt åndeleg fokus. I år var det lokale krefter som stod for undervisninga, og spesielt kjekt var det å bli kjend med den nye ungdomsarbeidaren Eirik Stensland. Han hadde bibeltimar om korleis Paulus sitt liv vart forandra då han møtte Jesus. Gjennom heile helga var det eit fokus på at me treng å vende om til Jesus, og at det er mykje spanande som kan skje i livet dersom me velger å leve nær til han.

Det var òg stor stas å få hjelp av bandet Link frå Nordhordland som stod for lovsangen. Dei hadde eit bra åndeleg fokus, og såg ungdommane både i møte og mellom programpostane. Spesielt flott var det på laurdagskvelden, då fleire kom til forbønn og fekk eit sterkt møte med Gud.

Ung-leiaren er veldig fornøgd med at så mange ynskjer å få så mykje undervisning og fellesskap i løpet av ei helg. Og sjølv om det er mange andre kjekke ting som skal skje framover, er det allereie planta ei glede og forventing om kva Jesus vil gjøre neste Pit stop.



Frå bibeltimen fredag under Pit stop



CONTEENNEW sitt lag på Nattcupen:  
Bak f.v.: Haakon Hellesøy, Andreas Hellesøy  
og Samuel Andersland. Framme f.v.:  
Ine Fu Di Farestveit og Samson Økland.



Siste lørdag i oktober var det for 17. år på rad klart for Nattcup i innebandy i Husneshallen i Kvinnherad. Det er ungdomsarbeidet på Husnes bedehus (KRÍK og Nattcafeen) som, saman med kyrkjekontoret, står for dette kristne, rusfrie ungdomsarrangementet.

Meir enn 400 ungdommar var innom Husneshallen denne kvelden, og av desse var ca 150 med i sjølve turneringa. Heile 7 av dei 27 laga som deltok var tilreisande ungdom frå nabo-kommunar. For andre år på rad stilte IMS sine konfirmantar, ConTeenNew, også med lag i turneringa. Dei gjorde ein heiderleg innsats, men vart utslegne i kvartfinalen.

For nokre av ungdommane var det eit gledeleg gjensyn då Sowdiak og Gino Bless entra scenen og hadde konsert utpå kvelden. Dei to kristne rapparane hadde konsert på Pit stop på Leirvik bedehus i fjar, og også i Husneshallen fekk dei god kontakt med ungdommane, laga god stemning og fekk formidle mykje positivt gjennom låtane sine.

På Nattcupen blir det og lagt stor vekt på den sosiale biten rundt turneringa. I cafeen kunne ein sette seg ned og prate med folk, kjøpe seg heimelaga pizza, brus, sjokolade, kuleis m.m. og ein kunne teste ut FIFA19 på Playstation 4.

Følg med på [www.kriknattcup.com](http://www.kriknattcup.com) fram mot neste års cup som blir lørdag 26. oktober 2019.

# Seminar om psykisk helse

Laurdag 20.- søndag 21. oktober inviterte Sagvåg bedehus og Kristkyrkja til seminar med Sigbjørn Vindheim om «psykisk helse». Målet med seminardagane var å oppmuntra og førebyggja.

Undertema denne helga var mange og viktige, blant anna: Kjenner du nokon som har det vanskeleg og vil hjelpe? Synest du åndeleg omsorg er viktig? Kva gjer eg når gapet mellom ideal og røyndom blir for stort? Kva gjer eg når situasjonen verkar uhandterleg?

Kjetil Harestad, leiar i Sagvåg Indremisjon, seier at seminardagane handla om livet me lever. Me fekk mange gode råd i forhold til å ta symptomer på alvor. Motivasjonen var å bringa psykiatrien ut til folket før folket kom inn i psykiatrien. Det var mykje godt fagleg innhald, og stor breidde på det som vart lagt fram. Sigbjørn Vindheim er vernepleiar, og jobbar på institusjon for folk som har det vanskeleg.

Det var undervisning dagtid laurdag. Om kvelden var det meir samtal og høve til å stilla spørsmål. Folk fekk gode råd med på vegen. Søndag var det også undervisning, men med klarare kristen vinkling.

## Meininga med livet

Det var mange relevante ting å ta med seg frå seminardagane, fortel Kjetil. Spesielt sit eg igjen med kor viktig det er å ha «meining med livet». Folk som veit det, har ein stor fordel. Dei vil ikkje så lett tappa seg ut. Me hørte om Viktor Frankl som overlevde konsentrasjonsleir i Auschwitz. Det var ikkje fysisk utrustning som gjorde at folk overlevde, men håpet! Frankl tenkte at «ingen av nazistane kan bestemma kva eg skal tenkja og meina». Det vart ein overlevingsstrategi. Elles tar eg med meg andre viktige tema; alt frå ernæring til korleis du trenar, sovn osv. Å ha gode relasjoner er også viktig.

## Viktige tema

Det er veldig viktig at me snakkar om desse tema i samanhengen vår. Det er så mange rundt oss som har utfordringar. Det er viktig å gjera oss trygge til å handla. Ved å ha fokus på tema blir det lettare å opna seg før det er krise. Me kan også opna for eigne problem før det er krise.

Folk kom frå ulike forsamlingar og bygder. Eg trur at dei som var der hadde ei kjempefin oppleving, seier Kjetil.



## Sjå liljene på marka!

Me var 36 kvinner samla til Kvinnehelg på Brandøy 7.-9. september. Dette var visst lite etter kva som har vore før, men me hadde det GODT me som var der.

For meg var det første gang på kvinnehelg. STOR takk til Gud som utrusta meg til å våga å reise, heilt åleine. På Brandøy var eg ikkje åleine. Der vart eg omslutta av medsøstre som berre vil ein vel. Som deler sine tankar og opplevingar, og trua på Jesus.

Begrepa «Matstasjon – Rastepllass» kom fram under andakt. Og dette sit sterkt igjen hos meg, frå eg inntok rommet, der det låg nydeleg kort med gode ord, frukt og sjokolade og venta på meg. Rundt omkring på huset var det pynta med flotte dekorasjonar. Og maten. Den var fortreffleg!

Bibeltimane til Jorunn Eikemo var ei stor oppleving. For ein formidlar. Eg sat der og tok imot og tenkte på mange heime som skulle har vore der og hørt henne. Delt det med meg. Kanskje ein annan gong...

Song og musikk ved Kristi og Gjert Asle Tolås var og ei stor oppleving. Laurdag var været så fint at ei gruppe tok seg ein fjelltur. Ei anna gruppe «bevega seg til musikk» ute, og nokre valde å strekka seg i senga. Seinare var det festmiddag og festkveld.

Takk, takk for gode dagar, gode samtalar og gode ord. Eg håpar det lar seg gjera at eg kan reisa neste år og.

Hilde K Økland



# På hjul med evangeliet

Eg har hatt ein runde med evangeliet i bygdene i Sunnhordland og Hardanger. Først litt frå to bibelkveldar, to torsdagar, på Jensvoll bedehus på Tysnes. Første kvelden var det ikkje så mange som kom, neste veke var det godt med folk.

Bodskapen som eg formidla desse to kveldane var den enorme kraft me som Guds folk har i bøn. Det er den viktigaste reiskapen me har, og som er gitt til oss alle. Daniels venner vart kasta i eldommen. Eg stilte spørsmålet: «Kor var Daniel då dei vart kasta i eldommen?». Daniel 6,11 gir svaret. Han gjekk opp i takkamræret og fall på kne for sin Gud i bøn og lovprisning, - nett som han før hadde gjort. Dette var i ein annan

situasjon. Men eg trur setninga «nett som han før hadde gjort» peikar tilbake til dagen då vennene vart kasta i eldommen. Daniel var i bønerommet. Då får vår bøn perspektiv. Eg ville formidla at vår bøn når den same Gud. Salme 48,15 «Slik er vår Gud, vår Gud for evig». Ha frimot og ver uthaldande i bøn. Du ber til Han som kan meir enn alt.

Turen gjekk også til Hardanger og Tørvikbygd bedehus (bileta) onsdag, fredag, laurdag og søndag. Også her var temaet bøn. Eg stansa for Elias. Kor lærde Elias Guds løfter å kjenna? Jo, ved bekken Kerit. Når me vert heilt avhengige av Gud får me sjå at hans løfter held. Vidare gjekk vegen for Elias til Sarepta. Då hadde han lært at «Løftene kan ikke svikte».

På Karmel opplevde han Guds løfter, men vegen gjekk vidare ut i øydemarka. Slik er også vår veg. Me har den same Gud. Han tek imot oss i øydemarka, gjev oss sitt ord og hjelper. Så gjekk vegen til Guds fjell Horeb. Her skulle Gud gå forbi og møta Elias. Ser me etter storm som kløyver fjell og knuser berg, eller jordskjelv og eld? Ingen kjente betre til eld enn Elias. Men det var ikkje her Gud var. Han var i den «linne susen». Må me læra å lytta etter den stille susen i vår kvar dag i vår teneste. Gud er nær og vil tala og visa deg veg. Han gjev kraft. Løfta som Elias fekk, gjeld deg i di teneste.

Olav Eikemo



Møter med Olav Eikemo i Tørvikbygd bedehus



## Ei helg til glede, styrke og velsigning

Med glede og forventning reiste eg til Damehelg på Helgatun. Me fekk lytta til djup, god forkynning og herleg song, og alt som vart formidla utfylte og forsterka kvarandre.

Temaet var «l pottemakarens hus». Marit Elisebet Totland tala, og utgangspunktet var frå Jeremia 18,2: «Stå opp og gå ned til pottemakarens hus! Der skal eg la deg få høyra mine ord». Ho snakka mellom anna om leira i pottemakaren sine hender, om forarbeid, reinsing, rotasjon på dreieskiva og brenning for å herda produktet. Pottemakaren sitt arbeid med leira er talande. Pottemakaren er eit bilet på Gud og leira på oss menneske. Me må til tider innom pottemakar-verkstaden, til nye rundar på dreieskiva. Medan leira spinn rundt på dreieskiva er den aldri ute av kontakt med pottemakaren sine hender, han har kontroll.

Det hender at pottemakaren sitt arbeid går sund. Det kan ein også erfare at livet gjer. Bråstopp kan endre livssituasjonen radikalt. Når pottemakaren sitt leifarbeid går sund lagar han noko nytt av den same leira. Verdien er den same trass i det som hende. Me vert

forma av forskjellige omstende gjennom livet, men det vart understreka at me alltid og uansett har 100 prosent verdi.

«Kveldens gjest» laurdag var Marit Aksnes Aase. Ho delte erfaringar frå pottemakaren sitt hus gjennom ulike fasar av livet. Ho fortalte mellom anna om den japanske kunsten å reparere keramikksprekker med gull. Arra i keramikken vert vakkert framheva. Slik kan også Gud, gjennom Jesus og Den Heilage Ande, reparere eit liv, fornye og legge gull i «livssprekkene». Temaet for helga var alvorleg, men løfterikt og det gav livsmot.

Takk til desse to flotte, samfunnsgasjerte damene som delte av eigne erfaringar, og som talte Guds ord inn i våre liv og hjarte. Takk til songgruppa frå Strandebarm som gledde oss med vakker song og musikk.

Av programmet ellers kan nemnast: basar, fjelltur, malekurs, min hobby. Etter bibeltimen sundag var det tid for delestund og forbøn. Godt å avrunde helga slik.

Kvar dag gjekk me til nydeleg dekkabord og kosa oss med velmakande mat.

Takk til Helgatun og komiteen for eit flott arrangement. I si velkomsthelsing ynskte dagleg leiar Sylvi Røssland Sørfonn at dagane måtte bli til glede, styrke og velsigning. Takk til Gud – akkurat slik vart dei!

Tekst: Marie Rekve  
Foto: Marit Elisebet Totland



Flotte resultat frå malekursset på Damehelga.

Opphaveleg vart Gilje bedehus bygd som skulehus, og stod ferdig i 1866. Då ny skule stod ferdig på nabotomta i 1917, vart bygget kjøpt til bedehus. I 1918 vart huset ombygd for å vera meir praktisk til sin nye bruk. Før den tid hadde indremisjonen hatt møta sine i heimane.

# 100-åring i ny drakt

I ei heil veke var det feiring av Gilje bedehus 100 år. Laurdag 1. september var det opningsdag med middag og kake og omvisning av nyopprusta bedehus. Så bedehusfrukost dagen derpå og konsert med Tidløs. Utover veka var det «Minner om mitt bedehus i ord og tonar», misjonskveld, mirakelkveld med Ruben Gazki, ZoomIn (ungdomslaget) og det heile vart avslutta med fullt hus og innhaldsrik fest søndag 9. september.

Det er ein givande dag i dag, seier Ole Bjarte Fylkesnes på opningsdagen. Saman med bedehusformann Helge Mæland har dei to vore drivkrafta bak opprustninga av bedehuset, og leia dugnadsarbeidet. Me starta onsdag 10. januar og har halde på kvar laurdag og onsdag etter det, seier dei. Det er kome til eit tilbygg med stor gong, nytt kjøkken, nye toalett, grupperom og trapp med heis opp til ungdomssalen. Møtesalen er også blitt noko forlenga, og galleriet er vekke.

Det var eit mål å oppretthalda drifta på bedehuset under opprustinga. Me har difor flytta på vegger og dører undervegs. Folk har stilt opp. Det har vore passe med folk i forhold til oppgåver, 5-8 personar kvar gong. Mykje er gjort på dugnad, blant anna alt elektrikararbeid. Men me har også hatt fagfolk til bygging og maling. Prislappen på opprustninga vart ca 5,5 millionar kroner. Bedehuset sitt årsmøte gjorde eit vegval vinteren 2016. Heile 60 personar var møtt fram årsmøtekvelden. Det

var ei lyttande forsamling som ynskte å stå saman. Spesielt var dei frammøtte opptatt av å stemma for det alternativet som den yngre generasjon såg på som den beste løysinga - og det var stor opprustning.

Indremisjonsleiar Ingerid Innværlar seg veldig til å bruka huset i sin nye drakt. Me ynskjer at folk skal ha det godt her, kjenna til-høyri og trivast. Me vil ha det trivelig i vår eigen heim, så også her, seier dei.

Mange hadde funne vegen til «nye» Gilje bedehus under opningsdagen 1. september. Indremisjonsleiar Ingerid Innvær er her flankert av dugnadsleiarane Ole Bjarte Fylkesnes (t.v.) og Helge Mæland (også bedehusformann).



## Nytt tak på Brandøy

Brandøy har i haust fått nytt tak på nesten heile hovudbygget, som første steg i oppussinga av internatet. Sag og Bygg frå Bømlø står for arbeidet.



# Nye elevar på Framnes

I år er det 247 elevar på Framnes. Ekstra spennande er det for dei som skal forlata heimen for første gong i livet. Me har hatt ein prat med tre av dei nye elevane.

## Kvifor har de valt Framnes?

Det er mykje på grunn av bror min Lars – som går tredje året her – og at det er ein kristen skule. Det frista meir enn offentleg, seier Borghild. Eg var usikker lenge, fortel Kristine. Eg kunne valt anna også. Eg hadde lyst å gå idrett, og høyrt at det var bra miljø her. I sommar frista det endå meir. Då jobba eg på Kidz kamp i Lyngdal, og snakka med elevar som hadde gått her.

Miriam valte Framnes fordi det er ein kristen skule. Så hadde eg høyrt mykje bra om den, og har også ei søster som har gått her, seier ho.

## Korleis har dei første vekene vore?

Veldig bra og fint! Veldig kjekke! Bra! Svara kjem kontakt frå dei alle. Det har vore litt lengt i starten og uvant, men går heilt fint no, kjem det også fram.

## Kan de fortelja litt om det sosiale og åndelegelivet her?

Me har fått nye vener med ein gong me kom hit. Det er ein fin kultur der alle seier «hei». Nesten alle bur to og to saman det første året. Det er kjekt å bu på skulen med vennene våre. Det går i eitt. Me finn på noko heile tida. Samtidig kan det også bli mykje folk av og til. Då er det greit å ha eit rom ein kan trekka seg tilbake på.

Me har veldig fine møter to gonger i veka. Det er ikkje lett å få det til heime, seier Kristine. I alle fall ikkje så tilrettelagt, skyt Borghild inn. Då intervjuet vert gjort held Framnes på å oppretta bibelgrupper. Elevane får tilbod om å koma heim til personalet og delta i bibelgrupper. Eg har lyst å vera med og har meldt meg på, seier Kristine. Eg også, seier Borghild. Kor kan ein mælda seg på, lurer Miriam. Eg har også lyst å vera med!

**Visjon:**  
Framnes kristne vidaregående skule er ein inkluderande skule og heim der alle trives, blir møtt med tillit og respekt og får venner for livet. Elevane opplever personleg vekst, fagleg utvikling og eit godt åndeleg fellesskap.

## Godt ivaretatt!

Lærarane er her fordi dei har lyst å jobba her. Dei vil det beste for elevane. Dei skil på kva som er skule og kva som ikkje er det. Me føler oss godt ivaretatt, seier dei; av lærarar, kjøkkenpersonalet og alle. Dei som jobbar her veit at det er vanskeleg for fleire av elevane og tar veldig hensyn. Dei huskar oss igjen, og me blir kjent igjen av folk me ikkje forventar.



F.v. Kristine Særsten (Bremnes), Borghild Gravdal (Voss) og Miriam Sundfjord (Nordtveitgrend), går alle førsteåret på Framnes. Kristine går idrett, medan Borghild og Miriam går studiespesialisering.

**NB! Intervjuet vart gjort i september, berre få veker etter skulestart.**

# Dette er også min åndelege heim

Av Marit Hårkau Ådnanes

**Herdís Austevoll har åndeleg ansvar på Framnes. Det er lett å merka hennar glød og nød for elevane.**

## Kva er det beste ved å ha dette ansvaret?

Det må vera å sjå at elevane modnast åndeleg, og at dei oppdagar verdien av å kjenna Jesus, seier Herdis.

## Evt utfordringar?

Å finna ein måte å ha møter på som alle kan kjenna seg igjen i når elevane kjem frå mange ulike forsamlingar og miljø. Det er også utfordrande at dette først og fremst er ein skule, i forhold til tid og prioriteringar.

I haust har to valt å følgja Jesus, seier Herdis. Det er stadig vakk slik at folk tar imot. Det er stort når folk tar dette valet. Ofte skjer det i det stille, og det er liten blest om det. Dette er også blitt min åndelege heim, seier Herdis. Me har faste møter onsdagar og søndagar. Onsdagsmøtene prioriterer eg høgt. Søndagsmøtene har miljøarbeidarane ansvar for.

Ta gjerne med at eg har eit ynskje om at dei som er glad i skulen, ber om at elevane skal bli bevart, oppfordrar Herdis. Me veit det er mange som ber for Framnes kvar dag.



Herdís Austevoll er lærar på Framnes, og har også åndeleg ansvar.

Helsing frå



# Helgatun



## Kjære misjonsvenner!

Hausten er blitt til vinter på Helgatun. Snøen har krope heilt ned rundt husa, men har minka litt dei siste dagane på grunn av regnet. I dag er det strålende sol og -4 grader, og kaldare skal det bli. Det eg kanskje har reagert mest på dei to åra eg har vore her, er at her ikkje er mørketid. Snøen gjer at det alltid verkar lyst - ikkje mørkt og regnfullt, slik det ofte er i låglandet. Helgatun er veldig flott på denne tida og.

Med hausten/førjulswinteren har det og minka på gjestene. I oktober har det vore grupper kun i helgane, men det har vore gode samlingar som har gitt oss ny kveik. I november er det berre to leirar igjen som er bestilt, etter at ei stor gruppe ikkje kjem. Det er for lite, men me brukar tida til "husavask" etter sommaren og til oppussing. I tillegg får dei ansatte som har ferie til gode, avvikla den.

I resepsjonen har Aksel Ingvard Johannessen lagt nytt teppegolv. Det gamle var blitt så slite at det var umogeleg å halda reint. Difor var det på tide med utskifting. Helge Røyksund og Roman Jacuk

har mellom anna malt korridoren i 2. etg på hovedbygget, og Joanna Jacuk og Jorunn Johannessen har malt andre stader der det var behov for ei "ansiktsløfting". Det kjem seg smått om senn😊

På annekset slit me enno med ein vasskade frå i sommar, og 4 rom er stengde av. Byggørker har stått på sidan august, så no er håpet at det snart er klart for gjenoppbygging. Me har bede forsikringsselskapet ta seg av utbetringa, og reknar med at den startar om kort tid. Me treng romma til jule- og nyttårsarrangementa.

Elles blir det ei spanande tid framover. Mykje nytt kjem til å skje på Helgatun. Fredag 19. oktober var det gravemaskin på plass i Helgatunlia. Grunnforholda der dei planlagde leilighetsblokkene skal koma, måtte sjekkast. Dei er det viktig å få oversikt over, før ein skal gå i gang med prissetjing av bygga.

Detaljreguleringsplanen er framleis i kommunen, og det siste me har høyrte, er at den kjem opp til handsaming i januar 2019. Frå då av, blir det nok stor aktivitet, og me trur at mykje positivt vil skje

både på Helgatun og i området rundt oss.

**Helgatun**, denne misjonsstasjonen i Myrkdalen blir viktigare enn nokon gong. Ver med å be om at det kristne fundamentet vårt blir profilert gjennom alt som skjer framover.


Vil helsa dykk alle med Ef 3, 20-21:

**"Men han som kan gjera meir enn alt, mykje meir enn det vi bed om og skjønar, etter den krafta som verkar i oss, han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus, gjennom alle ætter i alle æver! Amen."**

*Dei beste helsingar frå staben på Helgatun v/Sylvi*



**Kokken Roman Jacuk og Helge Røyksund pussar opp korridoren i 2. etg.**



Vår Herre han hvilte i krybben så trang,  
Skjønt himmelriks kår var hans eie.  
Og hyrdene knelte, og englene sang,  
Og vismenn omringet hans leie.  
Det ville vår Herre oss unne.

Og ennå han kommer til fattig og rik,  
Det svakeste sukk han fornemmer.  
Han hører i kjærlighet ravnernes skrik,  
Og ingen av sine han glemmer.  
Det ville vår Herre oss unne.

Vår Frelser han tok våre synder på seg,  
Utsletter så mildelig brøden.  
Han fører oss alle på himmels vei  
Og løser vår sjel ifra døden.  
Det ville vår Herre oss unne.

Og derfor så synger vi alle hans pris  
Og holder vår høytid med glede.  
Engang skal vi samles i Guds paradis  
Og frem for hans trone få trede.  
Det ville vår Herre oss unne.

Edin Holme

**Med ynskje om ei velsigna  
god julehøgtid**



**SunnBok**

## Reiseruta desember, januar og februar

### Marit Håkklau Ådnanes

07.12 IMS-styremøte  
09.12 Norheimsund Indremisjon  
30.12 Bømlo Indremisjon  
13.01 Os Indremisjon  
25.-27. 01 Jondal Indremisjon  
01.02 IMS-styremøte  
03.02 Horneland Indremisjon  
13.02 Bømlo Indremisjon  
17.02 Halsnøy Indremisjon  
19.-21.02 Framnes KVGS

### Lise Marie Thuestad Litlabø

29.12 Jondal Indremisjon

### Johannes Olsen

28.12 Tveit Indremisjon  
29.12 Auklandshamn Indremisjon  
27.01 Husnes Indremisjon  
07.02 Husnes Indremisjon  
17.02 Sagvåg Indremisjon

### Kåre Johan Hamre

05.-06.12 Granvin Misjonslag  
06.01 Steinsdalen Indremisjon  
12.01 Lothe og Alsvaker Indremisjon  
13.01 Voss Indremisjon  
14.-17.01 Granvin Misjonslag  
28.01 Granvin Misjonslag  
31.01.-03.02 Odda Indremisjon  
06.02 Neset Indremisjon  
07.02 Stranda Indremisjon  
08.-10.02 Uggdal Indremisjon  
11.-14.02 Granvin Misjonslag  
21.02. Utbjoa  
22.-24.02 Brandøy treff  
25.02 Granvin Misjonslag  
27.02.-01.03 Uskedalen Indremisjon

### Arne Lindeklev

05.01 Horneland Indremisjon  
13.-15.02 Tørvikbygd Indremisjon

### Halvard Wiik

28.12 Huglo Indremisjon

### Olav Eikemo

04.01 Gilje og Thormodsæter IM  
06.01 Gilje og Thormodsæter IM  
16.01 Auklandshamn Indremisjon  
17.01 Tysnes Støtteforening  
18.-20.01 Omvikdalen Indremisjon  
07.02 Viikebygd Krins  
08.-10.02 Fosse og Børsheim IM  
10.02 Samnanger Misjonsforsamling  
13.-17.02 Skånevik Indremisjon  
22.-23.02 Hiskjo Indremisjon  
24.02 Os Indremisjon

### Marit A Røen

07.-09.12 Adventsleir Brandøy  
13.01 Øystese Indremisjon  
24.01 Huglo Indremisjon  
25.01 Fredagsklubben Leirvik  
26.01 Meling Indremisjon  
27.01 Øvrebygda Indremisjon  
13.-14.02 Tysnes Støtteforening  
15.02 Gilje og Thormodsæter Indremisjon  
17.02 Laurhammer Indremisjon  
*I tillegg har Marit også deler av KingSing-arbeidet (Samnanger) med i stillinga.*

### Eirik Stensland

20.01 Gilje og Thormodsæter Indremisjon  
24.02 Moster Indremisjon

### Toralf Steinsland

16.-18.01 Osterneset Indremisjon  
20.01 Laurhammer Indremisjon  
03.02 Gilje og Thormodsæter IM

### Runar Landro

27.01 Moster Indremisjon

### Svein Bjarne Aase

16.12 ImF Stord

### Liv Rolfsnes

03.02 Sagvåg Indremisjon  
14.02 Huglo Indremisjon

### Gunnar Ferstad

10.02 ImF Stord  
10.02 Bremnes Kyrkje - Vintermøte

### Tor Ingvald Lauvrak

15.-16.01 Halsnøy Indremisjon  
17.-20.01 Leirvik bedehus  
26.02-01.03 Voss Indremisjon

### Aud Karin Kjølvik Rinvoll

16.-20.-01 Bømlo Indremisjon

### Otto Dyrkolbotn

01.-03.02 Skileir Helgatun

### Ola Malvin Lomheim

17.02 Moster Indremisjon

### Ove Tvedt

28.12 Halsnøy Indremisjon

Reiseruta er fortsatt under utarbeiding,  
så meir vil koma til.



*Med Guds ord til folket*


**Sommarens Storsamling**  
Stord, 21.-23. juni 2019

B

NORGE P.P. PORTO BETALT



# PÅ TAVLA



[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)